

Utviklingsplan 2021-22

Hognestad skule

«Me opplever gleda av å meistra og å nå måla våre!»

«Respekt og inkludering fører til gleding og meistring»



Innhald

Innleiing	3
Tidlegare utviklingsområde	4
Resultat 2020-21	5
Læringsresultat.....	5
Kartleggingsprøvar - utvikling	5
Nasjonale prøvar-utvikling	5
Skulebidragsindikatorar - utvikling.....	5
Læringsmiljø	6
Elevundersøkinga-utvikling	6
Olweusundersøkinga-utvikling.....	6
Ståstadanalyse 2020.....	6
Evaluering av utviklingsområde 2020/2021.....	6
Utviklingsområde 2020-2021	6
Prosessar og medverknad i evaluering og analyse	7
Oppsummering av evaluering:	7
Utviklingsområde 2021-22	9
Metodikk	12
Teikn på god praksis	12
Evaluering av utviklingsområder	12
Vedlegg:.....	
Elevundersøkinga tabell:	

Innleiing

Føremålet med opplæring kjem fram i [Opplæringslova §1-1](#) og tek føre seg verdier og innhald som opplæringa skal basera seg på. Skulen skal fremja mennesket som del av samfunnet og førbu dei på å ta del i samfunnet som aktive medborgarar.

Sektormål for grunnopplæringen er:

- Alle har et godt og inkluderende læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidlig slik at alle får utviklet sitt potensial
- De ansatte i kunnskapssektoren har høy kompetanse
- Alle lykkes i opplæringen og utdanningen

Time kommune har ein strategiplan for oppvekst som tek føre seg fem ulike område: Oppvekst i utvikling, fleirkulturelt samfunn, tidleg innsats, oppvekst i informasjonssamfunnet og organisasjon og leiing. Denne planen seier noko om val og prioriteringar i Time Kommune. På Hognestad skule har me utviklingsmål som er knytt til to av desse områda; tidleg innsats og oppvekst i informasjonssamfunnet.

Utviklingsplanen er kunnskapsgrunnlaget vårt som presenterer status kring læringsresultat, læringsmiljø og prosessar som vert gjennomført i kollegia, elevråd og FAU. Den hjelper oss å identifisera utviklingsområde og tiltak.

Skuleåret 2020-21 hadde skulen to utviklingsområde: **«Alle elevar skal utvikla seg som lesarar»** og **«Alle elevar opplever å ha eit inkluderande læringsmiljø både fagleg og sosialt.»**

På bakgrunn av evaluering av måloppnåing i inneverande utviklingsplan vil det gjennomførast analyse og prosessar for val av vidare fokus og utviklingsområde.

Tidlegare utviklingsområde

Utviklingsområda 2017-2018

- Alle elever skal ha framgang i lesing
- Alle elevar skal vera aktive og medskapande i eiga læring

Ny rektor august 2017

Utviklingsområde 2018-2019

- Framgang i lesing for alle elevar
- Ein skule med aktive og medskapande barn

Evalueringa syner at det hadde vore varierende korleis elevane si framgang i lesing var blitt kartlagt og følgt opp. Det var ikkje system for korleis elevane skule verta betre lesarar. Vidare viste elevundersøkjinga og ståstadundersøkjinga at det var lite elevmedverknad.

Dette året starta innføring av ny læreplan og fagfornyinga. Ny rektor november 2018.

Utviklingsområde 2019-2020

- Alle elevane skal oppnå sitt høgaste potensialet i lesing.
- Alle elevar opplever å ha eit inkluderande læringsmiljø både fagleg og sosialt.

Evalueringa synder at skulen starta med eit systematisk forhold til kartlegging og oppfølging av elevane sin lesedugleik, gjennom bruk av Relemo. Men for at dette skulle bli innarbeida som ei fast rutine, og perfektionert, trong skulen å fortsetja.

I elevundersøkjinga melde elevane at dei opplevde liten medverknad og i Olweusundersøkjinga opplevde 3,6% seg mobba (ikkje inkludert). Skulen ønska difor i endå større grad å ha fokus på eit trygt og inkluderande læringsmiljø, der elevane var engasjerte i si eiga læring.

Kronapandemien gjorde at mykje av utviklingsarbeidet våren 2020 blei nedprioritert.

Resultat 2020-21

I denne delen vil me presentera eit utval av resultat frå skuleåret 2020-21. Læringsresultatet er tufta på kartleggingsprøver, NP og skulebidragsindikatoren. Læringsmiljøet er tufta på elevundersøkjinga og Olweusundersøkjinga. I tillegg kjem ståstadanalysen som er ei undersøkjing der tilsette uttalar seg om arbeidsplassen sin. Sjå vedlegg for eit utval av tabellar og oversikter.

Læringsresultat

Kartleggingsprøvar - utvikling

Ut frå UDIR sine karleggingsprøver, relemo og ordkjedetest har lærarane på 1.-4.trinn saman analysert resultat og funne ut kven som strever med lesing, rekning og engelsk. Desse vil få ekstra oppfølging og tilbod om – kurs (Tidleg innsats). Det blir også vurdert om nokon skal meldast vidare i systemet for meir utgreiing. Tilsvarande blei gjort på 5.-7.trinn etter resultat av relemo og ordkjedetest. Elevar som strevar blir kartlagt og lærarane har eit spesielt ansvar for å gje dei tilrettelegging, informera heim og elev. Det blir også gitt tilbod om kurs.

Nasjonale prøvar-utvikling

Resultata i lesing for Hognestad skule er gode. Dei viser ei positiv utvikling. På nasjonal prøve i lesing 5.trinn har me framleis elevar på nivå 1, men fleire på nivå 2 og 3 en før. Talet som er oppgitt under er skalapoeng. 50 skalapoeng er det nasjonale gjennomsnittet. Sjå vedlegg for utvikling.

År	Engelsk	Lesing	Rekning
2020-2021	54	53	52

Skulebidragsindikatorar - utvikling

Dei to siste åra har Hognestad skule hatt eit positivt bidrag i skulebidragsindikatoren.

Trinn	2018-2019	2019-2020
1.-4.trinn	2,6	3,3
5.-7.trinn	0	0,8

Det vil seia at skulen har klart å løfta elevane fagleg, mest på 1.-4.trinn, men og på 5.-7.trinn. 0 vil i denne samanheng tilsvara landsgjennomsnittet for tilsvarande elevar.

Læringsmiljø

Elevundersøkinga-utvikling

Me beveger oss i ei positiv retning. Elevane viser auka motivasjon. Dei fleste elevane melder at dei har nokon å vera med i friminuttet. Fleire elevar gler seg til å gå på skulen (3,1-3,6) og fleire elevar melder at dei synest det er viktig å jobba med skulearbeidet (3,5-4,1) Elevane opplever å få gode framovermeldingar.

Dei ønskjer betre arbeidsro, meir elevmedverknad og endå meir motivasjon.

Olweusundersøkinga-utvikling

Undersøkinga for dette året viser at nokre elevar vert mobba og at mobbinga har foregått over fleire år. Dei som vert mobba blir utsett for verbal og digital mobbing. Det er meir variasjon i mobbinga enn me har sett tidlegare. Det positive er at elevane tør å gje beskjed til ein vaksen.

Skulen har ei negativ utvikling i forhold til at fleire elevar ser på når andre blir mobba utan å gjera noko.

Dei fleste elevane trivest godt og svært godt i klassen, men me har elevar som trivest svært dårleg. Elevane ser at skulen gjer noko, men seier at det ikkje alltid verkar.

NB! Hognestad skule er ein skule med få elevar. Tabellar og diagram blir difor ikkje brukt med omsyn til personvernet.

Ståstadanalyse 2020

Ståstadanalysen viser at dei tilsette er opptekne av korleis få elevane meir engasjerte i eiga læring (medverknad) og i refleksjon over eiga læring. Dei ønskjer å bli betre kjent med LK20 (kompetansemåla, kjerneelementa og tverrfaglege tema....) Dei ønskjer også å reflektera meir over god vurderingspraksis i det profesjonelle fellesskapet og få kompetanseheving i vurderingsforskriften.

Evaluering av utviklingsområde 2020/2021

Utviklingsområde 2020-2021

- Alle elevane skal utvikla seg som lesarar.
- Alle elevane opplever å ha eit inkluderande læringsmiljø både fagleg og sosialt.

Elevane har dette skuleåret vist god effekt av å bruka Relemo, og skulen har valt å halda fram med dette som ein del av den lesetekniske treninga til elevane. I evalueringane kom det fram at skulen trong å ha meir fokus på leseforståing og lesestrategiar, for at elevane skulle bli gode lesarar.

Elevane melde i elevundersøkinga at dei opplevde liten medverknad og at dei i liten grad er motivert for å gjera skulearbeid. Skulen trur framleis på synergien i å jobba parallelt med fagleg og sosial inkludering.

Skuleåret 20-21 var avspark for nye læreplanar. Hognestad skule haddde nettopp starta opp med prosjektet inkluderande barnehage og skulemiljø, og var så vidt i gong med å etablera Laget rundt læraren og eleven. Med andre ord, var det mykje «nytt» på gang.

Ny rektor mars 2021.

Prosessar og medverknad i evaluering og analyse

Personalet har analysert resultat frå nasjonale prøver, elevundersøkinga, kartleggingsprøver og Olweusundersøkinga og sett analysane opp mot utviklingsplanen.

Elevar – elevrådet har fått presentert utviklingsplanen, elevundersøkinga og Olweusundersøkinga og uttala seg om desse. Dei har kome med sine innspel som me ønskjer å ta med vidare.

Foreldre – FAU har fått presentert utviklingsplanen, elevundersøkinga og Olweusundersøkinga og uttala seg om desse. Dei har kome med sine innspel som me ønskjer å ta med vidare.

Oppsummering av evaluering:

Læringsmiljø – Dei fleste elevane trives svært godt eller godt på skulen. Elevane tørr å gje beskjed til ein vaksen og ser at skulen grip inn. Det er likevel nedgang i talet på dei som trivest svært godt i friminutta og det er nokon som seier dei blir mobba.

Etter evaluering i personalet kom det fram at Hognestad skule bør ha fokus på trivsel, men og ha trykk på det faglege, elevmedverkan og vurdering. Ut frå denne oppsummeringa ønskjer me å halda fram med resultatmåla:

Fagleg: Alle elevar skal oppleva å vera inkludert fagleg.

Sosialt: Alle elevar skal oppleva å vera inkludert sosialt.

Læringsresultat- På nasjonal prøve i lesing 5.trinn har me framleis elevar på nivå 1, men fleire på nivå 2 og 3 en før. Me ønskje å halda fram med dette resultatmålet for å sjå at det held seg over tid.

Resultatmål som held fram: Ingen elevar på Hognestad skule er på nivå 1 på 5.trinn, og nivå 1 på 8. trinn på NP i lesing. Fleire elevar på nivå 3 på 5. trinn, og nivå 5 på 8. trinn på NP

På bakgrunn av funn, drøftingar og tiltak som er skissert ovafor har me saman funne ut at me ønskjer å halda fram med dei same utviklingsområda. Me treng å systematisera, implementera og sikra kvalitet på det me har lært og fått påfyll av. Særlig blir det viktig å ha fokus på elevmedverknad og motivasjon.

Utviklingsområde 2021-22

Utviklingsområde	Effektmål	Resultatmål	Delmål	Tiltak	Evaluering/ Stopp-punkt
Læringsmiljø	Alle elevar skal oppleva å vera inkludert sosialt.	Fleire elevar opplever læringsglede og trivsel	Me har trygge elevar	Arbeid med relasjonskompetanse (IBS)	Elevundersøkinga Olweusundersøkinga Utviklingsplan i PU-øker for sjekk
				Fokus på god klasseleiing (LLE/IBS)	
				Jamnleg vurderer vaktplan	
				Godt samarbeid med heimen	
			Livsmeistring/Zippy/Olweus/3.-4.klubben (SFO)		
			Me har engasjerte elevar	Laga felles sosiale mål for heile skulen.	
			Elevane får vera med i planlegging av tema og innhald i undervisninga		
		Mobbeprosenten går ned	Alle har gode venner	TL på tvers av trinn	Elevsamtalar Barnesamtalar (SFO)
				Klassar går saman i nokre fag	
				Faddarordning	
		Alle trivest på skulen		Identifisering av behov, melda inn til Laget	Eigne spørreundersøkinga
				Spes.ped./sos.ped jamnlege møter med kontaktlærar.	

				Jente og guttegrupper	Sjekka arbeid som blir gjort i timar
	Alle elevar skal oppleva å vera inkludert fagleg.	Auka motivasjon opp til 4.4 på elevundersøkjinga.	All undervisning er prega av ein inkluderande praksis og haldning	Me bruker rike og opne oppgåver slik at alle elevane kan kopla på og bidra.	
				Tek i bruk digitale læringsløp	
				Elevane seier kva dei meiner trengst	
				Ispinner – slik at alle får delta	
	Auka elevmedverknad opp til 4.0 på elevundersøkjinga	Alle elevar er aktive i undervisninga og i si eiga læring	Utgangsbillett		
			Jobba mot 20/80-regel		
			Jobba mot samarbeidslæring		

Læringsresultat	Alle elevar skal utvikla seg som lesar.	Færrast mogleg elevar på Hognestad skule er på nivå 1 på 5.trinn, og nivå 1 på 8. trinn på NP	Leseteknisk. Dette måles gjennom to intensivperiodar haust og vår, og resultatata vert jobba med i PU-tida og på trinn	To intensive periodar med Relemo for alle elevar på 1.-4. trinn, og 5.-7. trinn (haust og vår)	At me har fleire av elevane våre på nivå 3 (5 på 8.tr) NP SOL-ing – at kvar elev har utvikling frå haust til vår	
		Fleire elevar vil meistra fag og kunna orientera seg i samfunnet.	Fleire elevar på nivå 3 på 5. trinn, og nivå 5 på 8. trinn på NP	Elevane skal ha framgang i leseforståing. Dette måles haust og vår gjennom SOL, vår gjennom kartleggingsprøvar (1-3tr) og haust ved NP-les på 5.trinn	Dei elevane som er på nivå 80 eller meir etter 4.trinn skal også testast og retestast. Dei jobbar med repetert lesing av fagspesifikke tekstar over nivå 80.	Lesing i alle fag er tema og blir evaluert i Team-tida. Me bruker Team-tid til å sjekka leseplanen og lesestrategiar og tipsa kvarandre om god bruk.
					Bevisst og variert bruk av ulike tekster.	Tidleg innsats
					Fokus på lesing i alle fag	Relemotesting og retesting
	Fokus på god opplæring i bruk av leseverktøy/ smartbøker og liknande				Bokstavinnlæringsjekk 1.trinn	
	Me arbeider med ulike lesestrategiar/ læringsstrategiar på dei ulike trinna	Lingdys – i PU-tida SOL i PU-tida				

Metodikk

Time Kommune har ein eigen innovasjonsstrategi og har valt BLT – behov-løysing-testing som innovasjonsmetode. Me skal ta utgangspunkt i behov, bruka tid på å finna løysingar og testa desse før me justerer arbeidet vårt. I strategiplanen blir det lagt vekt på at pådrivarar, godt leiarskap, rom for å feila og tryggleik i å gjera ting annleis er viktig faktorar. Me skal tenkja nytt, testa og feila. Gjennom dette vil me utvikla arbeidet i organisasjonen for å gi elevane ein så god skule som mogleg.

I løpet av året vil personalet arbeida med «Pedagogisk analyse» som metode i møte med utvikling av praksis.

Overordna del av LK20 har eit eige kapittel som går på det profesjonelle læringsfellesskapet. Dette skal vera eit utgangspunkt for prosessar og fokus på medverkad i personalet.

Teikn på god praksis

Ein måte å arbeida med eit utviklingsområde på er å definera eit «framtidsbilete» Dette bør arbeidast med i heilt personale, SU og elevråd for å sikra medverknad og forankring. Udir har skrive noko om dette på sin nettstad (<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/utvikle-praksis-sammen/lage-felles-mal-eller-fremtidsbilde/#128322>) og dei trekk fram 4 perspektiv som bør vera synlege: elev-, tilsette-, føresette- og organisasjonsperspektivet.

Tiltak knytt til utviklingsområdet må definerast saman med dei tilsette, SU og elevråd. Dei skal vera målretta og har som føremål å nå ønska praksis.

Framtidsbilete og kjenneteikn på god praksis skal vera konkret og kunne nyttast i evaluering og utvikling/justering av tiltak. For å visa framdrift bør tiltaka vera synlege i matrisen for utviklingsområdet. Her må det òg synleggjerast når tiltak skal vera gjennomført og når dei skal evaluerast.

Evaluering av utviklingsområder

For at ein skal sikra at tiltaka er rette må det leggjast opp til stopp-punkt. Desse stopp-punkta bør vera eit par gonger i halvåret og ha som føremål å justera eller avslutta tiltak som ikkje fører fram til ønska praksis.

Årshjulet for PU-tid skal synleggjera minst to stopp-punkt i halvåret knytt til dei aktuelle effektmåla.

Tiltaka må vurderast opp mot framtidsbiletet. Dette kan gjerast i SU og elevråd i tillegg til i personalgruppa. Evaluering av tiltak og retning skal òg vera tema i dialogmøta mellom skuleleiing og skuleeigar.

Forslag til spørsmål til oppfølgingsarbeidet kan vera å nytta kvalitetskrysset.

Kva er bra i utviklingsarbeidet nå? Kvifor?

Kva kan gjerast betre i utviklingsarbeid? Korleis?

Vedlegg:

Elevundersøkjinga tabell:

■ HOGNESTAD SKULE	
Trivsel	
Hognestad skule (Høst 2020)	4.1
Hognestad skule (Høst 2019)	4.0
Støtte fra lærer	
Hognestad skule (Høst 2020)	4.4
Hognestad skule (Høst 2019)	4.3
Støtte hjemmefra	
Hognestad skule (Høst 2020)	4.3
Hognestad skule (Høst 2019)	4.3
Vurdering for læring	
Hognestad skule (Høst 2020)	3.9
Hognestad skule (Høst 2019)	3.7
Læringskultur	
Hognestad skule (Høst 2020)	3.9
Hognestad skule (Høst 2019)	3.7
Mestring	
Hognestad skule (Høst 2020)	3.8
Hognestad skule (Høst 2019)	3.7
GI EN TILBAKEMELDING	